



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Sakshandsamar, støttekontakt/avlastar/omsorgsløn - 100% vikariat

Stillingsinformasjon

Det er ledig stilling som sakshandsamar i Meland heimeteneste frå dags dato til 31.05.2019, med moglegheit for forlenging.

Stillingen er organisert i stab under Heimetenesta i Meland, med einingsleiar som nærmaste leiar. Ein arbeider tett med koordinator for funksjonshemma, og elles med både interne og eksterne samarbeidspartnerar.

Arbeidsoppgåver:

- Sakshandsaming etter Helse- og omsorgstenestelova; støttekontakt, avlasting og omsorgsløn.
- Organisering av støttekontakt- og avlastingstenesta som inneber rekruttering, avtaleoppfølging og rettleiing.
- Koordinering av ansvarsgrupper og individuelle planar for barn, unge og vaksne som har trøng for koordinerte tenester.

Kvalifikasjonskrav

Tre årig høgskuleutdanning som t.d vernepleiar eller sosionom.

Det er ein føresetnad at ein har kompetanse vedk. sakshandsaming/forvaltning.

Det er også ein føremon om ein har erfaring frå koordinering og/eller arbeid med menneske med ulike funksjonsnedsettingar.

- Evne til å arbeide strukturert og sjølvstendig vert vektlagt.
- Gode evner til samarbeid og til å inspirere til felles innsats
- Evne til å arbeide målretta
- Initiativrik og positiv

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

God arbeidsmiljø - gode kollegaer.

Mange utfordrande og fagleg stimulerande oppgåver.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 08.04.2018

Utløst dato 21.03.2018

Vårref

34/18

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no